

HANDLINGSPLAN FOR 2024

1. Innledning

Forbundet sin formålplan legg føringar for kva mål som skal takast med i handlingsplanen. Formålplanen står i vedtektene § 2 og er slik:

Postens Pensjonistforbund er ein partipolitisk nøytral og uavhengig landsomfattande organisasjon med føremål å verne om og fremje postpensjonistane sine sosiale, økonomiske, helsemessige og kulturelle interesser. Forbundet skal også arbeide for å styrke medbestemmelsen for forbundet og for å gi god og fyldig informasjon til postpensjonistane om saker som er av interesse for pensjonistane og som heng saman med forbundet sine mål.

Forbundet er kollektivt innmeldt i Pensjonistforbundet og har inngått samarbeidsavtaler med Posten Bring A/S og Fagforbundet Post og Finans.

Med utgangspunkt i formålparagrafen vert det fastsett fylgjande mål:

2. Medlemsutviklingen

PFF skal vere så attraktivt at alle med rett til medlemskap ønsker å melde seg inn. Både medlemmer og tillitsvalgte skal markedsføre det attraktive ved PFF gjennom aktivt å presentere fordelene ved medlemskap og ikkje minst skape gode sosiale møteplassar for kollegialt fellesskap og aktivitetar.

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane skal kartlegge medlemspotensiale ved å invitere «ikkje medlemmer» til våre kaffetreff og at medlemene brukar eige nettverk for å få med seg gamle kollegaer som ikkje er innmelde.

Ut frå dette og for å stanse den negative utviklingen i medlemsmassen har vår avdeling ambisjonar om 10 nye medlemmer i 2024.

3. Økonomiske mål

PFF skal ha ein økonomi som gjer det mogeleg å halde oppe god aktivitet for medlemmane. Lokalt kan det søkjast om støtte frå dei ordningane som er tilgjengeleg lokalt/regionalt. Fagforbundet er ein aktuell samarbeidsorganisasjon i samband med turar som me arrangerer både korte dagsturar m/buss og overnattingsturar.

4. Sosiale, kulturelle og forebyggande aktivitetar

Postpensjonistane skal oppleve trivsel og fellesskap gjennom sosiale og fysiske aktivitetar i tillegg til kulturelle opplevelser.

Avdelinga i Sogn og Fjordane har hatt tradisjon for å arrangere eit felles haustmøte for heile avdleinga i staden for tradisjonelle medlemsmøter rundt om i den gamle delen av fylket. Målsettinga for 2024 vert å prøve å få til eigne medlemsmøter i dei enkelte rodene som er etablert. Starten på eit slikt tiltak kan vere i samband med julelunsjen for medlemene i slutten av året.

Styret i avdelinga skal arbeide for å gje medlemsmøta eit innhald som medlemene ynskjer og som fører til at fleire deltek. Møta må innehalde ei rimeleg blanding av faglig stoff og underhaldning. I tillegg må det leggjast til rette for sosiale aktivitetar utanom medlemsmøta som treffmøter i den enkelte rode og ikkje minst turar til populære stader og lignande.

5. Informasjonsmål

- * Markedsføre avdelinga gjennom stoff til Pensjonisten
- * Ha kontinuering fokus på ajourhald/oppdatering av heimesida for avdelinga
- * Utvikle innhaldet i medlemsbladet Vestfylket.

6. Mål for samarbeid

- * Søke samarbeid m Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane
- * Styrke kontakten m Fagforbundet Post og Finans og spesielt med pensjonistavdelinga i Vestland.
- * Etablere nærare samhandling med andre pensjonistavdelingar på Vestlandet.

7. Sluttord

Handlingsplanen skal ikkje vere avgrensande. Planen skal vere tema på alle styremøter framover med fokus på ulike målområder i kvart møte.

Styret